
Arkivkode:
Saksnummer: 2016/2944

Orienteringssak: **b**
Møte: 8. september 2016

Rekneskapsrapport per juli 2016

Bakgrunn

På grunntildelinga (GB) er driftsresultatet per juli lågare enn budsjettert og tydeleg lågare enn i same periode i fjor. Dette er eit resultat av at instituttinntektene er noko redusert og kostnadane auka samanlikna med både budsjett og fjoråret. Driftsresultatet per juli er eit driftsoverskot på 1,5 millionar kroner, og fakultetet overfører dermed akkumulert overskot på ca. 11 millionar kroner til august.

Innan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) har aktiviteten per juli vore lågare enn budsjettert, men omtrent på nivå med same periode i fjor. Innbetalingane på BOA har vore høgare enn både budsjetterte innbetalningar og innbetalningar i same periode i fjor.

Fakultetsdirektørens kommentar

Den økonomiske situasjonen ved fakultetet er framleis stram, men fakultetet aukar per juli prognosen for overføring til 2017 på GB til 5 millionar kroner i overskot, etter å ha styrt mot balanse frå starten av året. Bakgrunnen for auka prognosen er tildeling av nye studieplassar, samt at tildeling til SFU bioCEED i 2016 for fyrste gang kom via KD.

Innan BOA er det framleis relativt stor grad av usikkerheit. Fakultetet finn per juli ikkje grunnlag for å endre prognosane, men vil følgje utviklinga framover nøye. Prognosen for både aktivitet og innbetaling er lik budsjettmål for 2016.

Fakultetet arbeidar framleis med å betre treffsikkerheita i prognosane, mellom anna gjennom utvikling av sjekklister og betre budsjetteringsverktøy.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tek økonomirapport per juli 2016 til orientering.

Bergen, 1. september 2016


Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per juli 2016


Økonomirapport MN per juli 2016

1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per juli 2010-2016




Figur 2 Utvikling BOA per jul 2010-2016



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per juli i perioden 2010-2016, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 5,6 % årleg per juli i perioden 2010-2016, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg årleg auka på 4,5 % i same periode. På årsbasis er gjennomsnittleg årleg vekst i perioden 5,0 % for GB og 2,8 % BOA, når ein bruker budsjetterte inntekter for 2016. At auken i GB er høgare pr. juli skuldast auke i midlertidige strategiske tildelingar som vert utbetalt i februar, og som gjev mindre prosentvis utslag utover i året. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Som figur 2 viser, er BOA-aktiviteten per juli litt høgare enn i same periode i fjor. NFR-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten har auka per juli, medan EU-bidragsaktiviteten og annan bidragsaktivitet er redusert.

Per juli 2016 kjem 36,1 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 36,2 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnader GB og BOA per institutt per juli 2016



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved GEO, KI og GFI er nesten 50 % av aktiviteten finansiert av BOA. Både KI og GEO har hatt aktivitet knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur som påverkar andelen BOA.

2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per juli 2016 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr juli 2016	Rekneskap pr juli 2016	Avvik pr juli 2016	Avvik %	Rekneskap juli 2015	Endring frå juli 2015
Inntekter frå KD		-607 149	-345 664	-345 670	6	0,0 %	-336 704	2,7 %
Andre inntekter		-15 000	-6 301	-5 340	-961	-15,3 %	-8 893	-40,0 %
Inntekter		-622 149	-351 965	-351 010	-955	-0,3 %	-345 597	1,6 %
Investeringar		9 318	8 501	10 593	-2 092	-24,6 %	7 109	49,0 %
Lønskostnader		474 123	254 214	255 083	-869	-0,3 %	247 182	3,2 %
Andre driftskostnader		115 094	50 767	44 454	6 313	12,4 %	43 539	2,1 %
Internhandel med meir		33 168	33 593	39 367	-5 774	-17,2 %	34 087	15,5 %
Kostnader		631 703	347 075	349 497	-2 422	-0,7 %	331 918	5,3 %
Driftsresultat		9 554	-4 890	-1 512	-3 377		-13 679	
Saldo overført frå forrige år		-9 554	-9 554	-9 556	2		-15 821	
Saldo overført til neste periode	5 000	0	14 444	11 068	3 375		29 501	
Sum		0	0	0	0		0	


Fakultetet aukar per juli prognosen for overføring til 2017 til 5 millionar kroner i overskot, etter å ha styrt mot budsjettbalanse frå starten av året. Bakgrunnen for auke av prognosen er tildeling av nye studieplassar, samt at tildeling til SFU bioCEED i 2016 for fyrste gang kom via KD.

Inntektene frå KD har per juli vore omtrent som budsjettert. Inntektsavviket skuldast at instituttinntektene per juli har vore ca. 1 million kroner lågare enn budsjettert, hovudsakeleg knytt til lisensinntekter frå BTO ved BIO.

Kostnadane har per juli vore høgare enn budsjettert og høgare enn i same periode i fjor, i stor grad pga. høgare kostnader til interne transaksjonar. Investeringane har også vore høgare enn budsjett og høgare enn i same periode i fjor. Avviket i interne transaksjonar skuldast mellom anna at eigenfinansiering BOA har vore høgare enn budsjettert per juli ved dei fleste institutta, mellom anna på grunn av den tekniske omlegginga i rekneskapen som gjer at avvik mellom kostnader og avtalebeløp på eksterne prosjekt vert synleg som ein kostnad på GB (ca. 1 mill.kr). Det er utarbeidd rutinar frå sentralt hald for å handtere dette, samt at fakultetet vil fortsette å ha fokus på dette framover. Investeringane har vore høgare enn budsjettert ved fleire av institutta, og investeringane ventast å verte noko høgare enn årsbudsjett. Andre driftskostnader har vore lågare enn budsjettert per juli, mellom anna pga. lågare driftskostnader ved SKD. Kostnadane ved SKD vert overført til fakultet 19 per tertial, men avvik innanfor dei ulike artsklassane vil likevel vere synleg i fakultetet sin rekneskap. Lønnskostnadane har per juli vore omtrent som budsjettert for fakultetet sett under eitt, med noko større avvik på instituttnivå. Merk også at lønn til fast tilsette har vore lågare enn budsjettert, medan lønn til midlertidig tilsette (inkluderer vikarar, sensur osv.) har vore høgare enn budsjettert.


Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnader på GB per måned for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser har rekneskapen per juli i stor grad følgd same mønster som budsjettet.

Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2016 (tal i 1000 kr)



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk per juli 2016 samanlikna med årets tildeling per institutt. Samla sett har fakultetet per juli ingen lediggang i rekrutteringsstillingar.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per juli og tildeling 2016



På motpart 81 har både investeringane og avskrivningane vore høgare enn budsjettet. Pr juli har det blitt skrevet av utstyr for ca. 23 millionar kroner, medan investeringane har vore på ca. 22 millionar kroner, mykje pga. investeringar på BOA ved GEO. Investeringar i nasjonal infrastruktur ved KI er foreløpig ikkje overført til motpart 81.

3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per juli 2016 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet		Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr juli 2016	Rekneskap pr juli 2016	Avvik pr juli 2016	Avvik %	Rekneskap pr juli 2015	Endring frå juli 2015
Tilskot/Innbetalningar	Norges forskingsråd	-230 000	-230 000	-127 280	-188 169	60 889	47,8 %	-184 530	2,0 %
	EU	-30 000	-30 000	-25 771	-24 572	-1 199	-4,7 %	-5 382	356,6 %
	Andre bidrag	-80 000	-80 000	-47 382	-42 943	-4 439	-9,4 %	-43 584	-1,5 %
	Oppdrag	-3 000	-3 000	-148	-2 463	2 315	1564,2 %	-3 533	-30,3 %
	Sum	-343 000	-343 000	-200 581	-258 147	57 566	28,7 %	-237 028	8,9 %
Aktivitet/kostnader	Norges forskingsråd	225 000	225 000	144 778	121 095	23 683	16,4 %	117 430	3,1 %
	EU	41 000	41 000	27 776	24 776	3 000	10,8 %	25 171	-1,6 %
	Andre bidrag	94 000	94 000	63 621	48 492	15 129	23,8 %	52 598	-7,8 %
	Oppdrag	4 000	4 000	3 376	3 633	-258	-7,6 %	818	344,0 %
	Sum	364 000	364 000	239 550	197 996	41 554	17,3 %	196 018	1,0 %
Saldo overført frå forrige år									
	Norges forskingsråd	4 408	4 408	4 408	4 408	0	0,0 %	-10 308	-142,8 %
	EU	-25 998	-25 998	-25 998	-25 998	0	0,0 %	-31 055	-16,3 %
	Andre bidrag	-39 036	-39 036	-39 036	-39 036	0	0,0 %	-44 192	-11,7 %
	Oppdrag	-7 078	-7 078	-7 078	-7 078	0	0,0 %	-3 737	89,4 %
	Sum	-67 704	-67 704	-67 704	-67 704	0	0,0 %	-89 291	-24,2 %
Saldo overført til neste periode									
	Norges forskingsråd	592	592	-21 906	62 665	-84 571	-386,1 %	77 408	-19,0 %
	EU	14 998	14 998	23 994	25 795	-1 801	-7,5 %	11 265	129,0 %
	Andre bidrag	25 036	25 036	22 797	33 487	-10 690	-46,9 %	35 177	-4,8 %
	Oppdrag	6 078	6 078	3 850	5 908	-2 058	-53,4 %	6 451	-8,4 %
	Sum	46 704	46 704	28 735	127 855	-99 120	-344,9 %	130 302	-1,9 %
Sum		0	0	0	0	0		0	

Samla sett er aktiviteten per juli lågare enn budsjettert, medan innbetalingane er høgare. Fakultetet held per juli fast på prognosane om aktivitet og innbetalningar lik budsjett. Institutta sine prognosar ligg samla over budsjett for både aktivitet og innbetalningar men det er relativt stor usikkerheit knytt til fleire av prognosane. Per juli gjev ikkje tilgjengeleg informasjon grunnlag for å endre prognosane, men fakultetet vil følgje utviklinga framover nøye.


Tabell 2 viser at aktiviteten samla sett per juli 2016 er 17,3 % lågare enn budsjettert, men omtrent på same nivå som aktiviteten i same periode i fjor. Aktiviteten har vore lågare enn budsjettert for alle finansieringskjelder unntatt oppdragsaktivitet, og avviket skuldast mellom anna forseinka oppstart på fleire nye prosjekt, t.d. ICOS ved GFI og forskarskule og toppforsk-prosjekt ved IFT, samt forseinkingar på algepilot-prosjekt ved BIO. I tillegg fører endring i periodisering av overforbruk på PA-prosjekta, som gjev høgare kostnader under interne transaksjonar på GB, til tilsvarande lågare aktivitet på BOA.

Samla innbetalningar er per mai 28,7 % høgare enn budsjettert, og 8,9 % høgare enn i same periode i fjor. Innbetalingane har vore høgare enn budsjettert for NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet, og lågare enn budsjettert for EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet. Avviket frå budsjett skuldast mellom anna at innbetalingane frå NFR kom tidlegare enn budsjettert for fleire store prosjekt, samt fyrste innbetaling på nye prosjekt som det ikkje var tatt høgde for i budsjettet. Auken samanlikna med same periode i fjor er hovudsakeleg knytt til innbetalningar frå EU-bidragsaktivitet ved BIO og skuldast mellom anna fyrste innbetaling til koordinatorprosjektet SponGES.

Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per juli 2016 (tal i 1000 kr)

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	5	380	543	70	5	161	2 470	0	3 633
2. NFR - bidragsaktivitet	0	3 618	8 842	15 710	27 781	3 242	14 026	23 094	23 440	1 342	121 095
3. EU - bidragsaktivitet	0	-10	2 063	4 256	127	0	3 414	8 804	6 122	0	24 776
4. Annen bidragsaktivitet	1 405	2 063	2 817	4 586	2 422	3 482	3 314	20 552	7 851	0	48 492
Sum	1 405	5 671	13 728	24 931	30 873	6 793	20 759	52 611	39 882	1 342	197 996
Prosent av samla BOA	0,7 %	2,9 %	6,9 %	12,6 %	15,6 %	3,4 %	10,5 %	26,6 %	20,1 %	0,7 %	100,0 %

Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per juli 2016 (tal i 1000 kr)



Tabell 3 og Figur 5 viser BOA-aktivitet per institutt per juli 2016. Samla aktivitet, EU-bidragsaktivitet og annen bidragsaktivitet har alle vore størst ved GEO, medan NFR-bidragsaktivitet har vore størst ved KI og oppdragsaktivitet klart størst ved BIO. KI har auka frå 10,6 % av samla BOA-aktivitet ved fakultetet per mai, til 15,6 % per juli, pga. av aktivitet knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Det har per juli vore størst aktivitet ved GEO og BIO, og desse to institutta står samla sett for 46,7 % av BOA-aktiviteten ved fakultetet.

4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD melder om litt forseinka aktivitet i høve til budsjett, men det påverkar ikkje prognosen. SKD overførte ca. 11 mill.kr frå 2016, og melder prognose for overføring til 2017 på 7 mill.kr.

5. Vedlegg

5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildeling (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppgdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øymerke tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforsking (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).